



Anders Johansen
Anders Johansen
Kvamsvåg 26
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/3262 - 14/10785

Saksbehandlar:
Ingrid Bjørge Pedersen
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.
no

Dato:
07.05.2014

Pålegg om stopp i arbeidet etter pbl § 32-4/Varsel om pålegg om retting etter pbl § 32-3 - gbnr 141/48 Kvamme nedre

Administrasjonen er gjort kjend med at det på Dykkar eigedom gbnr 141/48 utførast større byggjearbeid. Dette er dokumentert med bileter som syna under.



Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733





Ansvar

Kommunen legg på bakgrunn av opplysningar i eigedsregisteret til grunn at dykk er eigar av eigedomen. Det er eigars ansvar å syte for at reglane i plan- og bygningslova (pbl) vert halde

Førehandsvarsel

Pålegget er ikkje førehandsvarsla med heimel i plan- og bygningslova (pbl.) § 32-4:

Om nødvendig kan plan- og bygningsmyndighetene gi den ansvarlige pålegg om stans av arbeid eller opphør av bruk med øyeblikkelig virkning. Slikt pålegg kan gis uten forhåndsvarsel. Om nødvendig kan plan- og bygningsmyndighetene kreve bistand av politiet for gjennomføring av pålegg om stans.

Vurdering

De har inne ein søknad om tillatelse til tiltak og ein søknad om dispensasjon i frå avstandskrav til veg, men det vert presisert at det ikkje er gjort eit formelt vedtak i saka.

Kommunen vurderer at tilhøvet er eit brot på pbl. kap 20 om søknadsplikt.

Da det ikkje ligg føre eit formelt vedtak vert alt arbeid på tomta vurdert, slik som dokumentert på bilete, som uloveleg utført arbeid.

Innsending av søknad i ettertid

Det er høve til å sende inn søknad om løyve i ettertid.

Søknaden vil bli handsama etter gjeldande plangrunnlag og regelverk.

Varsel om retting/tilbakeføring:

Med heimel i pbl § 32-2 vert det gjeve varsel om at utførte tiltak på eigedommen må tilbakeførast. **Frist for tilbakeføring vert sett til 05.06.2014.** Det må sendast skriftleg underretning med fotodokumentasjon, når tiltaket er tilbakeført.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 32-4 vert det gjeve pålegg om omgåande stopp i arbeidet. Arbeidsstaden må sikrast forsvarleg.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Gebyr

Oppfølging av ulovlege tilhøve vil utløyse gebyr etter gjeldande gebyrregulativ for Lindås kommune. Sjå meir om dette på www.lindas.kommune.no.

Med helsing

Siril Therese Sylta
konst. fagleiar

Ingrid Bjørge Pedersen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Anders Johansen

Kvamsvåg 26

5911

ALVERSUND